

Årsmelding for KRIK LYE 2018

I året 2018 har KRIK LYE hatt tilbod for ungar frå 5. kl og oppover til godt vaksen alder. Aldersgruppene blir delt inn i fire grupper; junior (5 – 7.kl) , ungdom (8 – 10.kl), vidaregåande (vidaregåande ++) og senior (ca. 25 år ++) . Me arrangerer to KRIK samlingar kvar fredag i Lyehallen, med ulike aldersgrupper i partal og oddetalsveker. KRIK samlingane består av mykje leik, ballspel, stafettar og ein kort andakt. For oss ledarar er det viktig at me har det kjekt i lag, og ser deltakarane! I året som har godt har me hatt variert oppmøte, av og til mange og av og til få, men me har sett framgang av antall deltakare det siste året.

Styret av KRIK LYE består av 9 frivillige ungdomar og 2 frivillige vaksne. Det er tre ungdomsledarar som har ansvaret for kvar KRIKsamling og dette rullerer me på gjennom året. Me har styremøte cirka ein gong i månaden der me tar opp ulike saker for å kunne tilby eit best mogleg arrangement for ungdommane på Lye. Men styremøta er også med på å gjera at me som KRIK ledarar får eit betre samhald, som også gjer at me blir meir trygge på kvarandre. I tillegg arrangerer me teambuilding for styret, dette er for å betra samhaldet og skapa stor trivsel i styret. Dette håpar me synast på KRIKsamlingane, slik at deltakarane vil føla seg trygge på oss ledarar.

Gjennom KRIK ser me at barn, ungdom og vaksne får vera i aktivitet, leika og spela ilag, utan at prestasjon og vinning er det viktigaste. I tillegg opplever me at mange deltakarar som kjem på KRIK ikkje deltar på anna kristent ungdomsarbeid på Lye. Me syns difor det er flott å ha eit kristent alternativt tilbod som ligg i kjente og trygge omgjevnadar som idrettshallen på Lye er. Orda IDRETTSGLEDE, TRUSGLEDE og LIVSGLEDE summerer godt kva me i KRIK har gjort og opplevd i 2018!

Martin Berge
21.2.2019